

Kva er rett folketal?

24.02.2015



Anbjørn Høivik skal inndeile under UU-møtet til veka

Onsdag 4. mars klokka 19 har Uskedal Utvikling sitt neste møte i Gamleskulen og tema er folketalsutviklinga i Uskedalen og Kvinnherad. Opplysningane har variert og under møtet vil dei ferske tala frå Statistisk Sentralbyrå bli lagt til grunn slik at ein får fram rett informasjon. Konklusjonen så langt har vore ein generell nedgang i kommunen, men kvifor er det så auke i Uskedalen? Det skal planleggjar Anbjørn Høivik frå Verksemd for samfunnsutvikling i kommunen gje svar på.

Han kjem mellom anna inn på alderssamsetjing og skal også svara på spørsmålet om kven tilflyttarane til bygda er.

Men det kanskje aller viktigaste spørsmålet han vil komma inn på er dette:
Kva gjer vi som bygd for å halda på og fremja ei positiv utvikling i åra framover?

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen